



Lindås kommune  
Arne Eikefet  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/3471 - 18/34254

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.12.2018

## Godkjenning av tiltaksplan for forureina grunn - Kvassnesvegen

### Administrativt vedtak. Saknr: 640/18

**Søknadstype:** Søknad om godkjenning av tiltaksplan, jf. Forskrift om begrensing av forurensing § 2-8 (forureiningsforskrifta)

**Tiltakshavar:** Lindås kommune

### SAKSUTGREIING


#### Tiltaket

I samband med utbygging av E39 gjennom Knarvik Sentrum er det gjennomført eit felles prosjekt mellom Lindås kommune og Statens vegvesen for å undersøkja dei miljøtekniske forholda i grunnen. Det planlagde tiltaket er delt inn i to byggetrinn der byggetrinn 1 , som omfattar arbeid langs Kvassnesvegen og Bruvegen, vert utført i regi av Lindås kommune og byggetrinn to, som omfattar utbetringar langs E39 og etablering av oval rundkjøring, vert utført i regi av Statens vegvesen.

Tiltaksplanen som ligg føre gjeld byggetrinn 1, jf tiltaksplan for Kvassnesvegen mottatt 22.10.2018.

Oversikt som viser avgrensinga av byggetrinn 1 og 2 og prøvepunktata





### Spesifikke akseptkriterier

Tiltaket ligg delvis innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum med planID 1263-201002 og delvis innanfor reguleringsplanen E39 Knarvik sentrum oval rundkjøring. Tiltaket omfattar areal som er regulert til trafikkareal. Dei aktuelle områda innanfor tiltaket vil i hovudsak vera opparbeidd med asfalt. Mindre grøntområde mellom samferdselsstruktur vil verta opparbeidd med gras og buskar, men vil ikkje verta tilrettelagt for varig opphold.

I samsvar med TA-2553/2009 er følgjande akseptkriterier lagt til grunn for området:

#### Toppjort (< 1 m under bakkenivå)

- Tiltaksklasse 3 og tiltaksklasse 4 for oljeforbindelsar

#### Jord som ligg djupare (> 1 m under bakkenivå)

- Tilstandsklasse 3 og tilstandsklasse 4 for oljeforbindelsar

### Resultat av grunnundersøkinga

Det er ikkje gjennomført miljøteknisk prøvetaking for heile tiltaksområdet. I ein tidleg fase vart det gjennomført ei grundig vurdering av heile tiltaksområdet for å avgrensa areala som det var mistanke om kunne vera forureina og som utløyste krav om vidare undersøkingar, og kva kva areal det ikkje var mistanke om forureining for og der prøvetaking ikkje var nødvendig. Vurderinga vart gjort på grunnlag av geologi, kva aktivitet det er på området i dag og resultata frå innleiande kartlegging i grunnen.

Den innleiande kartlegginga vart utført i mars 2017 og supplerande prøvetaking var gjennomført i oktober 2017 og mai 2018. Totalt 42 prøvepunkt er undersøkt. 16 prøvepunkt er undersøkt med gravemaskin, 26 prøvepunkt med geoteknisk borerigg (navar) og 4 prøvepunkt med spade. Totalt er det send inn 74 prøvar til analyse.

Resultat frå grunnundersøkingane viser at toppmassane har ei varierande grad av forureining frå tiltaksklasse 1 (ikkje ureina) til tiltaksklasse 4 (moderat til sterkt forureina). Forureininga er avgrensa arealmessig og i djupna. Massane i djupna er generelt reinare enn overflatemassen.

I følgje tiltaksplanen vil tilstandsklasse 3 vera gjeldande akseptkriterium for gjenbruk av massar i den aktuelle entreprisen. Dei gjeldande akseptkriteria er berre gjeldande innanfor tiltaket sine rammer for byggetrinn 1 og 2 .

Massar i tilstandsklasse 4 vart registrert i to prøvepunkt. Forureininga gjeld tyngre oljeforbindelsar og er sterkt avgrensa i utstrekning. Gjennomført risikovurdering for desse lokalitetane viser at massane kan aksepterast gjenbrukt både i overflata og i djupare massar.

#### **Handtering av massar og vatn**

Ureina massar som ikkje skal brukast opp att innanfor området skal leverast til godkjend deponi utan mellomlagring. Det er ikkje sett av areal til mellomlagring innanfor tiltaksområdet og mellomlagring av massar utanfor tiltaksområdet kan berre skje etter særskild løyve. Forureina massar skal ikkje brukast om igjen på område som var reine før tiltaket.

Tiltaksplanen legg opp til at lensevatn skal reinfiltrerast i bakken lokalt eller førast inn på kommunalt nett etter reinsing. Påslepp til kommunalt nett skal skje etter søknad og i samsvar med dei krav som vert sett. Anleggsvatn skal ikkje leiast til, eller renna mot Kvassnesstemma, ved reinfiltrering i grunnen.

#### **VURDERING**

Massar der det er påvist konsentrasjonar i tilstandsklasse 1 er reine massar. Forureiningsforskrifta legg ikkje avgrensingar på bruk av desse massane utover at dei vert brukt til lovlege føremål. Terrenginngrep på areala med høgare tiltaksklasse må gjennomførast med bakgrunn i godkjend tiltaksplan, jf. for § 2-6 i forskrift om begrensing av forurensing.

Kommunen legg tiltaksrapporten for Kvassnesvegen til grunn og meiner at prøvetakinga som er gjennomført ser ut til å vera tilstrekkeleg for å kunne vurdera omfanget av forureininga. Supplerande prøvetaking skal utførast, dersom nødvendig, slik det går fram av tiltaksplanen. Vi er vidare av den oppfatning at dei føreslegne akseptkriteria tek i vare helse og miljø for den aktuelle arealbruken.

#### **VEDTAK**

**Lindås kommune godkjenner tiltaksplan for forureina grunn, versjon E02 datert 12.09.2018, jf. § 2-8 i forskrift om begrensing av forurensing.**

##### **Krav til tiltaket:**

- **Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan datert 12.09.2018.**

- **Gjennomføringa av tiltaket skal hindra uakseptabel spreiing av ureina massar under anleggsverksemda og etter avslutta tiltak.**
- **Forureina masse som vert fjerna frå tiltaksområdet, skal leverast til godkjend deponi eller handsamingsanlegg med løyve etter forureiningslova. Det er ikkje høve til å mellomlagra ureine massar innanfor eller utanfor tiltaksområdet utan særskild løyve.**
- **Forureina massar skal ikkje blandast med reine.**
- **Tiltakshavar skal gjennomføra tiltak for å minimera straumen av overflatevatn og etablera rutinar for handtering av vatn i byggegrop. Leinsevatn skal reinfiltrerast i grunnen eller førast til kommunalt avløpsanlegg etter søknad.**
- **Anleggsvatn skal ikkje leiast til, eller renna mot Kvassnesstemma, ved reinfiltrering i grunnen.**

**Krav om kontroll og beredskap:**

- **Anleggsområdet skal til ei kvar tid vera tilstrekkeleg sikra slik at området ikkje er tilgjengeleg for allmenta.**
- **Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgang til anlegget for inspeksjon**
- **Det skal utarbeidast ein beredskapsplan for handtering av ukjend eller akutt forureining i grunnen.**
- **Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining skal den ansvarlege straks stansa arbeidet og varsle brannvernet, jf. Forskrif om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining.**

**Tiltakshavar sitt ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med dette vedtaket og forskrift om begrensning av forurensing kap. 2. Kommunen si godkjenning endrar ikkje tiltakshavar sitt ansvar for at tiltaka er tilstrekkelege etter § 2-5 i forskrifta.

**Endringar i tiltaksplanen**

Dersom det oppstår vesentlege endringar i tiltaksplanen, eller dersom det vert oppdaga meir eller anna forureining enn det som blei kartlagt, må det sendast inn revidert tiltaksplan. Kommunen må godkjenna den reviderte tiltaksplanen før endringane blir sette i verk.

**Sluttrapport for forureina grunn**

Når arbeidet er ferdige, skal det sendast inn sluttrapport til kommunen med skildring av korleis tiltaksplanen er følgt opp, og korleis dei forureina massane er handterte. Det skal koma fram av dokumentasjonen kva type forureina massar eller anna avfall som er levert, kvar det er levert, kva mengder og dato for levering. Dokumentasjonen skal vera frå mottakaren av massane.

**Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
---------------	--------------	------	----------

**Mottakarar:**

Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
----------------	--	------	----------